

Uttale frå styret for Fagskolen i Hordaland

Vedkommande sak oppnemning av prosjektstyre og mandat for prosjektstyret for Fagskolen i Vestland

Forslag til uttale har vore handsama av styret for Fagskolen i Hordaland på e-post, og følgjande uttale vart innstilt frå administrasjonen ved fagskolen:

«Uttale i samband med sak til fylkestinget om oppnemning av prosjektstyre med vedtekter

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev sin tilslutning til saksframlegget og innstilling til vedtak. Vedkommande avsluttande merknad i saka om økonomiske tilhøve i samband med samanslåingsprosessen vert det omtala at det vil vere behov for at fylkesrådmannen tilfører naudsynte ressursar til prosjektet. Styret vil be om at det vert sett av midlar til eigen prosjektrektor i full stilling i samband med samanslåinga for å sikre ein god prosess.»

Røysting

Uttalen vart vedteke med 8 mot 1 stemmer, og det vart gjeve protokollmerknad.

Vedtak:

Uttale i samband med sak til fylkestinget om oppnemning av prosjektstyre med vedtekter

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev sin tilslutning til saksframlegget og innstilling til vedtak. Vedkommande avsluttande merknad i saka om økonomiske tilhøve i samband med samanslåingsprosessen vert det omtala at det vil vere behov for at fylkesrådmannen tilfører naudsynte ressursar til prosjektet. Styret vil be om at det vert sett av midlar til eigen prosjektrektor i full stilling i samband med samanslåinga for å sikre ein god prosess.

Protokoll merknad

Administrativ eigarrepresentant, Sandal, støtter fylkesrådmannen sin saksutgreiing og innstilling slik den ligg føre.

Med helsing

Adeline Landro

seniorrådgjevar

leiar for sekretariatet